



Strategiplan

”Fotball gruppa”

2013 - 2018

HOVUDVISJON:

Rosendal Turnlag - **fotball gruppa** skal utvikle ein brei aktivitet, med fokus på god helse, allsidigheit, samhald og glede. Vi skal utvikle sunne og gode haldningar for dei som ynskjer å satse på idrett.

KJERNEOMRÅDE

Aktivitet

Rekruttering

Idrettsskule

Anlegg

Økonomi

Kommunikasjon

Kompetanse

Mål for kvart område:

Aktivitet:

Rosendal Turnlag si fotballgruppe skal tilby bredde og allsidigheit frå mini til oldboys og frå leik til proff. Ingen må kjenna seg utestengd med ei kjensle av at dei ikkje er gode nok. Vi skal vere ein viktig og positiv aktør i lokalsamfunnet.

Mål 1; Minst en lag går kvart år til sluttspel i Norway cup.

Mål 2: Vi skal ha spesiell meksemnd på spelarar under 10 år for å sikra trivselen deira. Dette for å sikra at ingen fell frå på grunn av dårleg kommunikasjon mellom leiarar og spelarar. Det er og viktig å slå ned på mobbing.

Mål 3: Fotballgruppa skal være sertifisert Fair play Club og aktivt jobba rund temaet for å kontinuerleg forbetring av haldningar.

Anlegg:

Vi vil utvikle området rundt Rosendal stadion til eit aktivitets – og idrettsområde **i lag med RT sitt styre.**

Mål 4: Halda anlegg open hele året for organisert og uorganisert fotball.

Mål 5: Halda anlegga i god stand til ei kvar tid og ha nok og godt utstyr for alle lag.

Økonomi:

Fotballgruppa skal vera motoren bak sponsorinntekter for RT.

Mål 6: Fotballgruppa skal kvart år har eit overskot på min. 10% av omsetning Dette overskotet skal avsetjast til utvikling av anlegget. (obs overskot skal ikkje brukast til vedlikehald)

Kommunikasjon:

Den viktigaste kommunikasjonen må gå gjennom heimesida vår. Difor må vi heile tida vere oppdaterte og utvikle sida. Alle trenarar og leiarar må nytta sida aktivt.

Mål 7: Alle lag skal publiserer min. 8 artiklar per sesong på www.rosendal-turnlag.no

Kompetanse:

Vi skal ha eit høgt nivå på trenarar og leiarar. Vi må stimulere til utdanning på alle nivå.

Mål 8: Kvar trener skal gjennomføra min. eit kurs/utdanning/seminar per sesong.

Mål 9: Kvart år skal min. 2 personar gjennomføra dommarkurs.

Mål 10: Min. 20 personar skal delta på basis trening kvart år.

VÅR VISJON:

- Området rundt Rosendal stadion skal bli eit samlingscenter for alle aldersgrupper.
- Tilby eit trygt og godt oppvekstmiljø. Vekt på sosial profil. Ikkje godta mobbing.
- Vera eit miljø som stimulerer born og unge til eit aktivt liv også i vaksen alder.
- Stimulere og rettleie dei som vil ha ei idrettsleg utvikling til vidare satsing.

Slutt